



VEDTEKTER

for samverkeføretaket Rones Barnehage SA,

org. nr.971475374

vedtekne på årsmøte den 27.03.2012

sist endra den 28.04.2025

Innhold

1	Samanslutningsform, føretaksnamn og forretningskontor m.v.	3
2	Føremål.....	3
2.1	Føremål for drifta av samverkeføretaket.....	3
2.2	Barnehagens føremål og innhold	3
3	Medlemskap	3
4	Utmelding	4
5	Styret.....	4
5.1	Styrets oppgåver	4
5.2	Vedtak i styret	5
6	Dagleg leiar (styrar).....	5
7	Årsmøte	6
7.1	Ekstraordinært årsmøte.....	6
7.2	Innkalling til årsmøte	6
7.3	Saker som skal handsamast på årsmøtet.....	6
7.4	Stemmeregler for årsmøtet	7
8	Vedtektsendring.....	7
9	Samansetjing av samarbeidsutvalet, myndighet, m.m.	7
10	Foreldreråd	8
11	Opptaksmynne	8
12	Opptakskrins og opptakskriterium.....	8
13	Opningstider for barnehagen	9
14	Leike- og oppholdsareal.....	9
15	Plasstilbod.....	9
16	Ferie.....	9
17	Oppseiing og opp- og nedjustering av plass.	10
18	Foreldrebetaling.....	10
18.1	Fritak for betaling i barnehagen.....	10
18.2	Det vert ikkje innvilga fritak for betaling for følgjande søknader:	10
19	Klageadgang ved avslag på søknad om barnehageplass ved hovedopptak	11
20	Oppløysing og avvikling	11
21	Forholdet til lov om samverkeføretak (samverkeloven)	11

1 Samanslutningsform, føretaksnamn og forretningskontor m.v.

Samanslutninga er eit samverkeføretak med føretaksnamnet Rones barnehage SA.
Føretaket har forretningskontor i Sogndal kommune.

2 Føremål

2.1 Føremål for drifta av samverkeføretaket

Føretaket sitt føremål er å eige og drive barnehage til det beste for medlemmene og deira born.
Føretaket skal fremja medlemmene sine økonomiske interesser gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket. Føremålet er ikkje kapitalavkastning til medlemmene. Eventuelt årsoverskot skal godskrivast eigenkapitalen i føretaket.

Barnehagen skal driva i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lovar og forskrifter for barnehagedrift.

2.2 Barnehagens føremål og innhold

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta borna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdets og naturen, på tankefridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane, jf barnehagelova § 1a første ledd, jf § 1 første ledd.

Borna skal få utfalte skaparglede, undring og utforskarkrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Borna skal utvikle grunnleggande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vere ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

3 Medlemskap

Føretaket er opent for foreldre/føresette som får tilbod om barnehageplass i barnehagen og som er busett i Sogndal kommune. Når foreldre/føresette har akseptert tilbod om barnehageplass, pliktar dei å bli medlem av føretaket.

Medlemsskapet kan etter avtale med dagleg leiar overdragast mellom føresette som har felles born.

Medlemmene betalar ein årleg kontingent fastsett av styret. Medlemmene skal ikkje betale andelsinnskot.

Det er forventa at medlemmane deltek på ein dugnad i løpet av barnehageåret.

Medlemmene heftar ikkje overfor kreditorane for føretaket si gjeld eller plikter.

Føretaket kan bruke elektronisk kommunikasjon når det skal gje meldingar, varsel, informasjon, sende dokument og liknande etter samverkeloven til medlemmene så framt medlemmene uttrykkeleg har godteke det, og det ikkje fylgjer noko anna av lov om samverkeføretak. Når eit medlem skal gje meldingar eller liknande etter lov om samverkeføretak, kan medlemmen gjere dette ved hjelp av elektronisk kommunikasjon til den e-post adressa eller på den måten dagleg leiar eller styret har fastsett til dette føremålet.

4 Utmelding

Eit medlem pliktar ved skriftleg utmelding å melde seg ut av føretaket samtidig som barnehageplassen blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret. Utmeldingsfristen er like lang som oppseiningstida for barnehageplassen – 1 månad.

Har medlemmer fleire barnehageplassar pliktar medlemmen ved skriftleg utmelding å melde seg ut av føretaket samtidig som siste barnehageplass blir oppsagt, med mindre anna er avtalt med styret. Utmeldingsfristen er like lang som oppseiningstida for barnehageplassen – 1 månad.

Dersom medlemmar flyttar ut av Sogndal kommune, vert medlemskapen automatisk rekna som oppsagt med verknad frå oppstart av det umiddelbart føreståande barnehageår.

5 Styret

Føretaket skal ha eit styre som skal bestå av ein styreleiar og 2 andre medlemmer, i tillegg til 3 vara-medlemmar. Daglegleiar er fast sekretær for styret.

Funksjonstid for styreleiar og dei andre medlemmene er to år. Vara-medlemmar vert valde for to år. Styreleiar, styremedlemmer og vara-medlemmar kan veljast att. Det skal arbeidast for å sikre kontinuitet ved at ikkje for mange av styremedlemmene vert skifta ut i løpet av kort tid. Ved særlege tilfelle og etter innstilling frå valkomiteen kan styremedlemmar veljast for eitt år om gangen. Styret skal veljast av årsmøtet. Årsmøtet vel styreleiar ved særskilt val. Styret vel nestleiar blant sine medlemmer.

Det skal først protokoll over styrehandsaming. Protokollen skal minst angi tid og stad, deltakarane, kva måte den er handsama og styret sine vedtak. Styremedlem som ikkje er einige i styret sitt vedtak, kan krevje si oppfatning innført i protokollen. Protokollen skal godkjennast på neste styremøte. Protokollen er tilgjengelig berre for medlemmar av styret, styrar og dei personane styret gir tilgang.

5.1 Styret sine oppgåver

1. Styret skal sjå til at verksemda vert leia i samsvar med lov, vedtekter og årsmøtet sitt vedtak.
2. Styret skal sjå til at verksemda sine føremål vert realisert.
3. Styret kan ta alle avgjerder som ikkje i loven eller vedtektena er lagt til andre organ.
4. Styreleiar skal syte for at styret held møte så ofte som det trengs. Eit styremedlem eller dagleg leiar kan krevje at styret vert kalla saman for å ta opp særskilte saker.
5. Styret skal føre protokoll over styresakene i samsvar med samverkelova. Protokollen skal underskrivast av dei styremedlemmene som har vore med på handsaminga i styret.
6. Styret skal sjå til at det er forsvarleg organisering av verksemda .

7. Styret skal fastsette planer og budsjett for verksemda, og orientere om budsjettet på årsmøtet.
8. Styret skal halde seg orientert om føretaket sin økonomiske situasjon, og skal sjå til at det blir ført tilfredstillande kontroll med verksemda, rekneskapet og forvaltning av midlane i verksemda.
9. Styret vel rekneskapsførar. Styret har ansvaret for at rekneskapen sammen med styret si melding vert lagd fram for årsmøtet.
10. Styret skal sette i verk dei undersøkingar som styret meiner er naudsynt for å kunne utføre sine oppgåver. Styret skal sette i verk slike undersøkingar dersom ein eller fleire av styremedlemmene krev det.
11. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda i føretaket elles. Styret bør fastsette instruks for dagleg leiar.
12. Styret har arbeidsgivaransvaret i barnehagen.
13. Styret fastset storleiken på foreldrebetaling og årskontigent.
14. Styret tilset dagleg leiar.
15. Styret vedtek eventuell eksklusjon av medlemmer.
16. Styret arrangerer og kallar inn til årsmøte.
17. Styret skal utarbeide ein styreinstruks.

5.2 Vedtak i styret

Styret kan treffe vedtak når meir enn halvparten av alle styremedlemmene er til stades eller er med på sakshandsaminga. Styret kan likevel ikkje treffe vedtak utan at alle styremedlemmene så langt det er mogeleg har fått høve til å delta i handsaminga av styresaka. Har nokon av styremedlemmene forfall, skal eit vara-medlem kallast inn.

Eit styrevedtak krev at fleirtalet av dei styremedlemmer som er med på handsaminga av ei sak, har stemt for. Står stemmene likt, gjeld det som møteleiaren har stemt for. Dei som stemmer for eit vedtak som inneber ei endring, må likevel utgjere minst ein tredjedel av alle styremedlemmene.

Ved val og tilsetjingar er den som får flest stemmer vald eller tilsett. Styret kan på førehand fastsette at det skal stemmast på nytt dersom ingen får fleirtal av dei stemmene som er gitt. Står stemmetalet likt ved val av styreleiar eller møteleiar, blir valet avgjort ved loddtrekning. I andre tilfelle der stemmene står likt, gjelder det som møteleiaren har stemt for.

6 Dagleg leiar (styrar)

Føretaket sin daglige leiavert tilsett av styret.

Dagleg leiar skal stå for den daglege administrative og pedagogiske leiinga av verksemda i føretaket og skal fylge dei retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

Den daglige leiinga omfattar ikkje saker som etter tilhøva i føretaket er av uvanlig art eller av stor tyding.

Dagleg leiar kan elles avgjere ei sak etter fullmakt frå styret i kvart ein skild tilfelle eller når det er til vesentlig ulempe for føretaket å vente på styrevedtak. Styret skal ha melding om avgjerdet så snart som mogeleg.

Dagleg leiar skal syte for at føretaket sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at forvaltninga av midlane i føretaket er ordna på ein trygg måte.

Dagleg leiar har ansvar for at barnehagen har eit internkontrollsysten som er i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Dagleg leiar skal minst kvar fjerde månad, i møte eller skriftleg, gi styret melding om verksemda i føretaket, tilstand for føretaket og resultatutviklinga.

Styret og det einskilde styremedlem kan til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gjer nærmare greie for særskilte saker.

7 Årsmøte

Årsmøtet er føretaket sitt øvste organ.

Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april månad kvart år.

Styret skal kalle inn til ekstraordinært årsmøte når styret finn det nødvendig, eller når revisor eller minst ti prosent av medlemmene krev det og samtidig gir fråsegn om kva saker dei ynskjer handsama.

Årsmøtet vert leia av styreleiaren med mindre årsmøtet vel ein annen møteleiar.

7.1 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte skal avviklast når enten styreleiari eller minst halvparten av styret krev det. Det same gjeld dersom minst ein tredjedel av medlemmane krev det.

Det vert kalla inn på same måte som ordinært årsmøte, men med minst 14 dagars varsel. Sakspapira skal beskrive saksforholdet og gjengi forslag til vedtak. Det skal også informerast om kven som har kravd møtet halde.

7.2 Innkalling til årsmøte

Styret kallar skriftleg inn til årsmøte med minst 1 månads varsel.

I innkallinga skal det klart gå fram kva saker som årsmøtet skal handsame, samt tid og stad for møtet. Forslag om vedtektsendringar skal takast inn i innkallinga.

Saker eit medlem ynskjer tatt opp på årsmøtet skal meldast skriftleg til styret i så god tid at dei kan takast med i innkallinga. Er innkallinga allereie sendt, skal det sendast ny innkalling dersom den kan komme fram minst ei veke før årsmøtet skal haldast.

7.3 Saker som skal handsamast på årsmøtet

1. Val av referent og to personar til å underskrive protokollen.
2. Utarbeiding av liste over møtande medlemmer på møtet, tal på dei med stemmerett og kor mange stemmer desse har.
3. Gjennomgang av årsmeldinga til styret.
4. Godkjenning av årsrekneskap.

5. Val av styremedlemmer. Styreleiar vert vald særskilt.
6. Val av revisor
7. Eventuelle forslag til vedtektsendringar
8. Eventuelt forslag til oppløysing.
9. Andre saker som er korrekt meldt inn for behandling

7.4 Stemmeregler for årsmøtet

Kvart medlem har ei stemme på årsmøtet, med mindre noko anna her er bestemt. Kvart medlem kan møte ved fullmektig på årsmøtet, men ingen kan være fullmektig for meir enn eit medlem. Fullmektigen må legge framskriftleg og datert fullmakt.

Ei vedtak av årsmøtet krev at fleirtalet av dei som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved likt tal stemmer gjeld det som styreleiaren har stemt for. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje avgitte.

Det vert ikkje stilt krav til kor mange av dei som har stemmerett som må veretilstades for at årsmøtet skal vere vedtaksføre.

8 Vedtektsendring

Vedtak om vedtektsendring krev 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

9 Samansetjing av samarbeidsutvalet, myndighet, m.m.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særlig vere med på å drøfte barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeide for å fremje kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet.

1. Samarbeidsutvalet skal verte førelagde saker og har rett til å uttale seg i saker som er viktig for barnehagen sitt innhald, verksemrd og forholdet til forelda. Samarbeidsutvalet skal også fremje barnehagen sine interesser ovanfor kommunen i saker som kan påverke drift og utvikling av barnehagen.
2. Saker som gjeld tilsette, opptak av barn og liknande skal ikkje handsamast av samarbeidsutvalet.
3. Samarbeidsutvalet skal ha 6 medlemmar, med 2 representantar frå foreldra, 2 frå dei tilsette, ein frå eigar, og ein politisk representant oppnemd av kommunestyret.
4. Samarbeidsmedlemmar vert valde for to år om gongen.
5. Foreldra og dei tilsette skal delta med like mange representantar.
6. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv, og vel sjølv sin leiar. Som samarbeidsutvalet sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har stemd for. Ved stemmelikheit gjeld det som leiaren har stemt for. Er leiaren ikkje tilstades, gjeld det som møteleiaren har stemt for.
7. Møte i samarbeidsutvalet vert halde etter ein plan fastsett av samarbeidsutvalet, og elles når samarbeidsutvalet sin leiar finn det nødvendig.

Det skal førast eigen protokoll for samarbeidsutvalet, som skal innehalde dei vedtak som samarbeidsutvalet har fatta vedrørande føretaket. Tid og stad for møta skal gå fram av protokollen, sameleis stemmefordeling og usemje som vert kravd protokollført.

Samarbeidsutvalet sine medlemmar signerer protokollen. Protokollen er tilgjengeleg kun for samarbeidsutvalet sine medlemmar, styret, daglig leiar, og dei personane samarbeidsutvalet gjev tilgang.

10 Foreldreråd

Foreldrerådet skal fremme fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper et godt barnehagemiljø.

1. Foreldrerådet består av foreldra/føresette til alle barna i barnehagen.
2. Foreldrerådet vel to foreldrerepresentantar og ein eigarrepresentant til Samarbeidsutvalet.
3. Saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen skal leggjast fram for foreldrerådet og dei har rett til å uttale seg.
4. Styrar i barnehagen har ansvaret for å kalle inn til de første foreldrerådet i barnehageåret.
5. Foreldreråd vert halde minst ein gang i året – gjerne i forbindelse med årsmøtet.
6. Ved avstemming i foreldrerådet vert det gitt ei stemme for kvart barn, og alminnelig fleirtalsvedtak gjeld.

Det vert ført eigen protokoll for foreldrerådet, som skal innehalde dei uttale/vedtak som foreldrerådet har fatta. Tid og sted for møta, skal gå fram av protokollen, likeeins stemmefordeling og usemje som vert kravd protokollført. Foreldrerådet sin referent signerer protokollen. Protokollen er tilgjengelig berre for medlemmar av foreldrerådet, styret, daglig leiar, og dei personane foreldrerådet gir tilgang.

11 Opptaksmynde

Styrar føretek opptak av barn i barnehagen.

Styret kan endre denne føreseagna.

12 Opptakskrins og opptakskriterium

Rones barnehage har plass til barn i alderen 0-6 år.

Alle barn må vere fylte 10 månader for å begynne i barnehagen.

Opptakskrins i prioritert rekkefølge:

1. Barn til medlemmar i Rones Barnehage SA.
2. Barn som bur i Sogndal kommune.

Fylgjande kriterium i prioritert rekkefølge gjeld innanfor Rones Barnehage sin opptakskrins:

1. Sysken med nedsett funksjonsevne eller med vedtak etter lov ombarnevernstenesta som vil gå samstundes i barnehagen og har fylt eitt år før 1. november.
2. Barn som har plass i barnehagen og som ynskjer å endre opphaldstid.
3. Sysken til barn i barnehagen har førerett til plass dersom dei vil gå samstundes i barnehagen og har fylt eit år før 1. november.
4. Er det fleire sysken enn det er ledige plassar, vert barna teken opp etter alder.
5. Etter at hovudopptaket er gjort og det framleis er ledige plassar, har sysken som er fødd etter 15. oktober og som vil gå samstundes i barnehagen ha førerett før andre søkerar i kommunen.

For å kunne nytte føreretten må plass-storleik, dagar og alder høve inn i gruppесamsetjinga.

PRIORITERING VED OPPTAK UTANOM HOVUDOPPTAKET/GJENNOM ÅRET:

- Barn vert prioritert i same rekkefølge som i hovudopptaket.
- For å kunne nytte føreretten må plass-storleik, dagar og alder høve inn i gruppесamsetjinga.

Hovudopptak saman med Sogndal kommune:

Er det ledige plassar etter at føreretten er nytta, skal barnehagen og Sogndal kommune handsame opptaket etter gjeldande lovverk, drifts- og samarbeidsavtale med Sogndal kommune.

Sogndal kommune sine prioriteringsskodar ved hovudopptak:

1. *Barn med nedsett funksjonsevne eller med vedtak etter lov om barnevernstenester*
2. *Barn i ein vanskeleg livssituasjon*
3. *Barn som har trong for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er tospråklege/framandspråklege*
4. *Barn som har plass i barnehage og som ynskjer endra oppholdstid eller å byta barnehage*
5. *Sysken har førerett til plass i same barnehage dersom syskena går i barnehagen samstundes og har fylt eit år innan utgangen av august*
6. *Resten av barna vert prioriterte etter alder.*

For å kunne nytte føreretten må plass-storleik, dagar og alder høve inn i gruppесаманsetjingа.

Det er vidare eit vilkår for å nytte føreretten, at plassen vert teken i bruk ved inntak.

Ved opptaket skal det leggjast vekt på å sikra god og kostnadseffektiv drift av barnehagane i kommunen.

Styret kan endre denne føresegna.

13 Opningstider for barnehagen

- Eit barnehageår vert rekna frå 15. august det eine året til 14. august året etter.
- Barnehagen har ei dagleg opningstid er kl 07.15 til 16.15.
- Barnehagen held normalt stengt i 2 veker samanhengande om sommaren.
- Barnehagen er stengd laurdagar, søndagar og helge- og høgtidsdagar.
- Barnehagen heldt stengt julaftan og nyttårsaftan.
- Barnehagen held ope 6 timer kvardagane i romjula.
- Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagen kl 12.00.
- I løpet av barnehageåret er barnehagen i tillegg stengt i 5 kurs- og planleggingsdagar for personalet.

14 Leike- og oppholdsareal

Barnehagens norm for arealutnytting er 4 m² leke- og oppholdsareal pr. barn over 3 og 6 m² for barn under 3 år.

15 Plassstilbod

Barnehagen gjev følgjande plassstilbod:

60%, 80% og 100% plass.

Tilbodet om dagar må tilpassast drifta og gruppесаманsetjingа i barnehagen. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna med å få innfridd ynsket sitt om barnehagedagar.

Styret kan endre denne føresegna.

16 Ferie

Borna skal ha fire veker ferie i løpet av barnehageåret. Tre av desse vekene skal vere samanhengande. Hovudferien til barnet skal vere avtala før ferien vert tatt ut. Barnhagen held normalt heilt stengt i 2 veker i fellesferien om sommaren i samband med ferieavvikling.

17 Oppseiing og opp- og nedjustering av plass.

Gjensidig oppseiingstid av ein barnehageplass er ein månad. Dersom barnehageplassen vert sagt opp etter 1. februar, må ein betale for resten av barnehageåret (oppseiinga må vere skriftleg).

Det er høve til opp og nedjustering ved hovudopptaket, men ikkje i løpet av året med mindre det er andre barn i barnehagen som kan ta ei tilsvarende justering. Det er berre høve til å byta barnehage ved hovudopptaket.

Styret kan endre denne føresegna.

18 Foreldrebetaling

Foreldrebetalinga vert fastsett av styret. Foreldra skal ha varsel om endringa 3 veker før ho trer i kraft.

Foreldrebetalinga er månadleg og vert fordelt i 11 like terminar. I hausthalvåret betaler ein 5 terminar og i vårhalvåret betalar ein 6 terminar. Foreldrebetalinga vert regulert til nærmeste 15. kvar månad. Betaling for mat og frukt m.m. kjem i tillegg.

Det vert gjeve søskenmoderasjon i samsvar med statlege retningslinjer.

Ved misleghald av foreldrebetaling vert plassen sagt opp av Rones Barnehage SA.

Det er styret, eller den dei delegerer avgjerdsmynne til, som gjer vedtak om oppseiinga av barnehageplassen.

Styret kan endre denne føresegna.

18.1 Fritak for betaling i barnehagen

1. Barn som lir av ein livstruande sjukdom som gjer at barnet ikkje kan nytte plassen i barnehagen, kan innvilgast fritak frå 1. dag i etterfylgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen. Det må liggja ved tilråding frå lege.
2. Dersom sjukdomen gjer at barnet berre kan vera i barnehagen i periodar, skal det betalast ein dagpris utrekna til 1/25 av den fastsette månadsprisen.
3. Styrar har fullmakt til å ta avgjerd i slike saker.

Styret kan endre denne føresegna.

18.2 Det vert ikkje innvilga fritak for betaling for følgjande søknader:

1. Søknad om å ta ut barnet grunna ferie.
2. Søknad om fritak der barnet er fleirkulturelt og skal tilbake til det andre heimlandet for kortare eller lengre tid. Det kan gjevast fritak dersom opphaldet er over to månader og eit anna barn kan nytta seg av plassen i den tida barnet er borte.
3. Eit slikt fritak gjeld frå 1.datot i etterfølgjande månad som barnet vert teke ut av barnehagen.
4. Søknad frå foreldre med delt foredreansvar der barnet har trong for barnehageplass i enkelte periodar. Det må betalast for heile året med mindre eit anna barn nyttar seg av plassen i dei periodane barnet bur hjå den andre av foreldra.

Styret kan endre denne føresegna

19 Klageadgang ved avslag på søknad om barnehageplass ved hovedopptak

Ved hovedopptak kan søker klage over avslag på søknad om barnehageplass og på avslag om å få sitt fyrste eller andre ønske oppfylt.

Utanom hovedopptaket kan berre søkerar til barnehagen med lovfesta rett til prioritet etter barnehageloven § 13, klage dersom dei ikkje vert tilbydd plass. Dette gjeld barn med nedsett funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter nærmere føresegner i lov om barneverntenesta.

Klagen må framsetjast skriftleg for kommunen og må nemnast kva avgjerd det vert klaga over og dei grunnar klagen støtter seg til. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt avgjerda som det skal klagast over er kommen fram til søkeren. For dei som ikkje har motteke underretning, går fristen frå det tidspunktet vedkommande har fått eller burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerda.

Reglane for klageadgang fins i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage, (forskrift 2005-12-16 nr. 1477)

20 Opplysing og avvikling

Opplysing av føretaket vert vedteke av årsmøtet med det same fleirtal som gjeld for vedtektsendringar.

Attverande midlar skal gå til samverkeformål eller allmennytige føremål.

21 Forholdet til lov om samverkeføretak (samverkeloven)

Dersom ikkje anna fylgjer av vedtekten, gjeld lov om samverkeføretak (samverkeloven) av 29. juni 2007 nr. 81 i punkt 16.